



Stranda Kommune    Aurland kommune

---

Klima- og miljøminister Vidar Helgesen

[postmottak@kld.dep.no](mailto:postmottak@kld.dep.no)

Dato: 28 juli 2017

### **Redusert forureining frå cruiseskip**

Aurland kommune og Stranda kommune ber om eit møte med Klima- og miljøminister Vidar Helgesen.

Bakgrunnen er framlegga om tiltak for å redusere forureininga frå cruiseskip på verdsarvfjordane.

Nye miljøkrav og strengare regelverk må etter vårt syn vere nasjonalt og gjelde for alle områder i norsk farvatn slik at ein får ein reell miljøeffekt og unngår ei uheldig konkurransevriding. Miljøpåverknaden er lik for alle sjø- og fjordområde.

Våre kommunar er opptekne av å få til gode miljøløysingar, samtidig som vi kan sikre gode naturopplevingar for våre gjester og oppretthalde lokal næringsutvikling.

Natur og miljø er eit konkurransefortrinn vi har i Verdsarvfjordane, og som vi skal behalde. Dette er levande lokalsamfunn der folk arbeider og bur og forskingsbasert kunnskap er heilt nødvendig for å finne dei beste løysingane og langsiktige gode tiltak.

Initiativet til klima- og miljøminster er svært godt og rapporten frå Sjøfartsdirektoratet er eit viktig og konkret bidrag i det vidare arbeidet med å sørge for klima- og miljøvennleg skipsfart langs heile kysten, og i Vestlandsfjordane.

Vi ønskjer å leggje fram våre synspunkt i eit møte og ser fram til ei tilbakemelding på førespurnaden.

Med helsing

Aurland kommune

Stranda kommune

Noralv Distad

Jan Ove Tryggestad

Ordførar

Ordførar

*Brevet er godkjendt elektronisk*

